
Saksnr: 2024/57687-10
Saksbehandlar: Audun Erik Gisle Sunde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		21.01.2025
Fylkesutvalet		23.01.2025

Fråsegn til høyring av meldingar om ny 420 kV kraftleidning Sauda-Blåfalli-Mauranger-Samnanger-Øygarden

Forslag til innstilling

- Vestland fylkeskommune er generelt positiv til styrking av kraftnettet på Vestlandet. Regional plan for fornybar energi peikar på svakt nett som ein vesentleg barriere både for kraftbruk og kraftproduksjon. Den nye 420 kV vil vere særskild viktig for eit robust kraftnett i Vestland. Den regionale planen listar som ambisjonsnivå mellom anna at innan 2031 skal det vere spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sauda-Samnanger og tredje 420 kV-samband inn til Kollsnes (s 27 i planen).
- Ny 420 kV-linje frå Sauda til Øygarden er i tråd med Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi) si formulering under strategi 4 om at «overgang til fornybar kraft er ein premisse for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå andre berekraftsmål. I planperioden skal vi styrke energioverskotet frå fornybare energikjelder og sikre ei enda meir robust kraftforsyning.» Strategi 9 i Utviklingsplan seier at Vestland skal følgje opp Montreal-avtalen frå 2022, med mål for bevaring og restaurering av natur.
- Vestland fylkeskommune viser til at alternativ 1.2, på nordsida av Hellaugvatnet i Etne kommune kjem i konflikt med kulturmiljøet knytt til øydegardsanlegga på Hellaug. Alternativet kjem også i konflikt med friluftslivsinteresser i området. Fylkeskommunen rår ifrå dette alternativet.
- Alternativ 3.0 over fjellområdet Dalafjellet/Naglane i Etne kommune, vil også ha stort konfliktpotensial med omsyn til friluftsliv. Ny linje bør heller følgje dagens linjetrasé.
- Vestland fylkeskommune viser til at alternativa 1.0, 1.0.1 og 3.0 ved Rosendal er i konflikt med nasjonale kulturmiljøverdiar, så vel som friluftslivsinteresser, og vil rår ifrå desse alternativa. Fylkeskommunen ber om at sjøkabel vert greidd ut som alternativ i dette området.

6. Vestland fylkeskommunen ser at alternativ 1.0 og 1.4 over Alver kommune har stort konfliktpotensial grunna høge regionale og nasjonale kulturmiljøverdier. Alternativa har også stort konfliktpotensial med omsyn til friluftsliv.
7. Fylkeskommunen ser at alternativ 4.0 over Osterøy har stort konfliktpotensial opp mot kjende automatisk freda kulturminne. Over Osterøy og delar av Alver er det også stort konfliktpotensial med omsyn til friluftsliv, landskapsverdier, naturmangfald og biologisk mangfald.
8. Fylkeskommunen ber om at «alternativ 6.1», som fremja av Naturvernforbundet, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) og Bergen og Hordaland Turlag, vert grundig utgreidd på linje med melde trasealternativ. Alternativet synest å ha stort potensial for auka samfunnsnytte, så vel som for mindre konfliktar med andre viktige samfunnsverdier.
9. Fylkeskommunen viser til at «Forholdet til vannressursloven og vannforskriften» må vere eit utgreiingspunkt i KU-program for alle delstrekningar (og ikkje berre for delstrekninga Sauda-Blåfalli der det er eksplisitt nemnt i dag).
10. Fylkeskommunen viser til saksframstillinga for utdjuping av detaljar og forventningsavklaring i høve vidare utgreiingsarbeid.

Samandrag

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt tre meldingar frå Statnett SF på felles høyring. Samla omhandlar meldingane ny 420 kV kraftleiing frå Sauda i Rogaland via Blåfalli, Mauranger og Samnanger til Øygarden i Vestland fylke. Ei melding er ei tidleg varsling av tiltak som skal gi eit overordna bilde av planane og vise kva konsekvensutgreiingar som er tenkt gjennomført. Meldingane har vore på intern høyring for kulturminnefaglege innspel, friluftsfaglege innspel, innspel knytt til natur og landskap, samt innspel frå vassforvaltninga. Framlegg til fråsegn er basert på desse innspela.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt tre meldingar frå Statnett SF på felles høyring. Samla omhandlar meldingane ny 420 kV kraftleidning frå Sauda i Rogaland via Blåfalli, Mauranger og Samnanger til Øygarden i Vestland fylke. Tiltaket påverkar kommunane Sauda, Etne, Kvinnherad, Ullensvang, Kvam, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver, Askøy og Øygarden.

Høyringsfristen er sett til 16. januar 2025. Vestland fylkeskommune har fått utsett frist for å rekke handsaming i fylkesutvalet 23. januar.

Meldingane er tilgjengelege på nettsidene til NVE

- 420 kV Sauda–Blåfalli: www.nve.no/16181/a
- 420 kV Blåfalli–Mauranger–Samnanger: www.nve.no/20465/a
- 420 kV Samnanger–Øygarden: www.nve.no/19275/a

Ei melding er ei tidleg varsling av tiltak som skal gi eit overordna bilde av planane og vise kva konsekvensutgreiingar som er tenkt gjennomført (konsekvensutgreiingsprogram) før seinare søknad om konsesjon. Føremålet med høyringa er at interessentar vert orientert om planane og at dei får høve til å kome med innspel og merknader. NVE vil fastsetje endelege krav til konsekvensutgreiingsprogram på bakgrunn av melding og innkomne høyringsfråsegner.

Gjennom høyringa ønskjer NVE spesielt innspel på følgjande:

- Manglar i Statnett sitt forslag til konsekvensutgreiingsprogram.
- Innspel til leidningstraséane som Statnett har meldt.
- Om det er nye traséar som bør greiast ut utover dei som er melde.

Meldingane har vore på intern høyring for kulturminnefaglege innspel, friluftsfaglege innspel, innspel knytt til natur og landskap, samt innspel frå vassforvaltninga.

Saka er organisert etter delstrekning, slik at sektorspesifikke internkommentarar vert fordelte på delkapittel etter ei kort oppsummering av prosjektomfanget for kvar strekning.

Del 1 - melding om 420 kV Sauda – Blåfalli (www.nve.no/16181/a)


Statnett skriv at spenningsoppgradering av strekninga Samnanger – Mauranger – Blåfalli - Sauda frå 300 kV til 420 kV er nødvendig med omsyn til kraftbruken i Bergensområdet og på Haugalandet, for å handtere kraftflyten nord - sør på Vestlandet, for å oppnå høg utnytting av andre delar av nettet i Sør-Noreg, og for å redusere prisskilnadene mellom prisområda i Sør-Noreg. Dei viser m.a. til analyse av transportkanalar (ATK) frå 2021 som viser at ein av dei største flaskehalsane på transportkanalnivå er mellom Bergensområdet og Sauda.

Første del av spenningsoppgraderinga er strekninga Sauda – Blåfalli. Tiltaket påverkar Sauda kommune i Rogaland fylke og Etne og Kvinnherad kommunar i Vestland fylke.

Hovudføremålet er å skifte ut eksisterande leidning med ny leidning med spenning 420 kV og med høgare overføringskapasitet. Hovudalternativet er å byggje ny 420 kV leidning på austsida og i stor grad parallelt med den eksisterande 300 kV leidninga. Traséen for ny kraftleidning vil bli ca. 37 km lang avhengig av vald alternativ. Eksisterande leidning blir riven når ny leidning er ferdig bygd og spenningssett.

Oppgraderinga vil krevje ein ny transformatorstasjon ved Blåfalli stasjon som kan transformere til 420 kV spenning, til erstatning for dagens stasjon.

Statnetts melde samt vurderte/ikkje melde traséar er vist i figur 1 under. Stipla svart/gul linje syner kva av eksisterande linjer som skal rivast i samband med gjennomføring av tiltaket.



Figur 1 - Melde traseforslag (heiltrukken) og vurderte, ikkje melde alternativ (stipla)

Kulturminnefagleg innspel til melding om 420 kV Sauda – Blåfalli

Alternativ 1.0

Etne kommune

Det er kjent to viktige kulturmiljø langs dette strekket, øydegardsanlegget ved Hellaugvatnet og kulturmiljøet på Vinja. Alternativet må visualiserast med tanke på verknaden det får i kulturlandskapet.

Alternativ 1.2

Etne kommune

Alternativ 1.2 er eit strekk på om lag 3,5 km, der kraftlinja vil gå på aust- og nordsida av Hellaugvatnet. Dette linjealternativet vil gå i det same området av dalen som utgjør kulturmiljøet på Hellaug. Vestland fylkeskommune rår ifrå alternativ 1.2 på nordsida av Hellaugvatnet.

Alternativ 2.0

Etne kommune

Traséen over Sandvatna går i område med fleire kulturminnelokalitetar. Desse er nemnt under søre del av alternativ 3.0. Her ligg fleire hellerar, fangstanlegg og ruinane etter ei steinbu.

Alternativ 3.0

Etne kommune

I søre del av alternativ 3.0 mellom Litlavatnet og Ingebjørgsvatna er det kjent fleire automatisk freda kulturminne. I eit større areal kring traséen, ligg det fleire kulturminne, som kan knytast til bruk i førhistorisk tid. Der trasélinja kryssar Stordalen nordaust for Øyna, er det registrert kulturmiljø med ruinar etter fleire øydestølar.

Alternativ 4.0

Kvinnherad kommune

Traséen kjem i nærføring til automatisk freda bergkunstlokalitet id 213817 på «Træ» nord for garden Årtun, traséen vil krysse nordover stølsområdet «Slåttestødl». **Her vil det vere naudsynt med illustrasjonar av tiltak og kulturminne.**

Friluftsfaglege innspel til melding om 420 kV Sauda – Blåfalli

Etne kommune

Alle linjealternativ vil gå gjennom Indre Etnefjella, vurdert som svært viktig friluftslivområde i kategorien stort turområde med tilrettelegging. I Etnefjella går det fleire fotruter som er merka av Haugsund Turistforening. Alternativ 1.0, som følgjer dagens linjetrasé, vil nok klart vere å føretrekke vurdert på bakgrunn av friluftslivinteresser. Både alternativ 1.2. og 3.0 vil kunne kome i konflikt med registrerte turruter. Alternativ 3.0 vil gå over fjellområdet Dalafjellet/Naglane og truleg føre til stor landskapspåverknad. Alternativ 1.2 vil kome i konflikt med t-merka sti nord for Hellhaugvatnet.

Kvinnherad kommune

Linja kryssar over Åkrafjorden parallelt med eksisterande linje. Sørsida av Åkrafjorden er eit registrert friluftsområde, medan det rundt Åkra er det fleire registrerte friluftsområde og eit viktig friluftsområde (Øyro/Vågen). Ei ny linje vil truleg i liten grad få konsekvensar for desse områda, ettersom linja er planlagd parallelt med dagens linje.

Frå Åkra til Blåfalli vil alle linjealternativa gå gjennom, eller attmed, det viktige friluftslivsområdet Ingahogg og omegn og det svært viktige friluftslivområdet Fjellhaugen skisenter. Traséalternativet som følgjer dagens linje vil vere å føretrekke vurdert ut frå landskapsverknad og synbarheit i terrenget. Linjealternativ 4 vil gå høgare til fjells og dermed medføre større landskapspåverknad.

Det er vist tre alternativ til ny transformatorstasjon i Orradalen. Stasjonsalternativ 1, utviding av eksisterande transformatorstasjon, vil truleg vere det beste alternativet vurdert ut frå landskapspåverknad og terrenginngrep, sjølv om utvidinga kan påverka det registrerte friluftslivsområdet Nedre Blåelva. I dette området er det registrerte jettegryter og moglegheiter for juvvandring. Ved ei evt. utviding av stasjonsalternativ 1 må ein syte for at jettegrytene og elveleiet ikkje blir råka.

Vassmiljøfagleg innspel til melding om 420 kV Sauda – Blåfalli

Innspelet som følgjer er eigentleg felles for alle delstrekningane, men vert tatt inn her då det blir vist til detaljar frå førebels KU-program for denne strekninga (jf. avsnitt 2 under).


Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 - 2027 fastset miljømål og legg føringar for langsiktig forvaltning av vassmiljøet og vassressursane i regionen. Den planlagde 420 kV-leidningen vil krysse fleire vassførekomststar i dei ulike traséalternativa med ulik kjemisk og økologisk tilstand, og tiltaka kan medføre risiko for forringing som kan vere i strid med miljømåla i vassforskrifta § 4-6. Tiltaka må vurderast opp mot relevante føresegner i vassressurslova og

vassforskrifta for å sikre måloppnåing. Dette omfattar også tiltak som kan påvirke kystvatn eller fjordmiljøet.

I «Forslag til utredningsprogram» for Sauda-Blåfalli vert «Forholdet til vannressursloven og vannforskriften» lista som eit utgreiingspunkt under punkt 11.6.1. Naturmangfald. Dette må ein få inkludert som eit utgreiingspunkt under naturmangfald for heile traséen frå Sauda til Øygarden med fokus på miljømåla. Dette gjeld også temaet om framande artar som potensielt kan føre til ei framtidig forringing av økologisk tilstand.

Del 2 - melding om 420 kV Blåfalli – Mauranger – Samnanger (www.nve.no/20465/a)

Denne meldinga omfattar oppgradering av strekninga Blåfalli-Mauranger-Samnanger. Tiltaket påvirkar kommunane Kvam, Ullensvang og Kvinnherad. Statnett skriv at kraftleidningen på denne strekninga har høg alder og låg overføringskapasitet og treng fornying. Figur 2 under gir oversikt over dei melde alternativa.



Figur 2 - Kart over melde alternativ på strekninga mellom Blåfalli stasjon, Mauranger stasjon og Kvamskogen sør for Samnanger

Tiltaket mellom Blåfalli og Kvamskogen (Mødal) sør for Samnanger har som føremål å erstatte eksisterande 300 kV leidning med ny 420 kV leidning. Strekninga mellom Kvamskogen og Samnanger stasjon vart bygd for 420 kV i 2012 og skal ikkje erstattast.

Leidningen mellom Mauranger og Samnanger (Kvamskogen) som er planlagt oppgradert, er frå 1968 og er ca. 50 km lang. Den går frå Mauranger transformatorstasjon i Kvinnherad til Kvamskogen i Kvam kommune. Siste strekninga på 9,5 km frå Kvamskogen og inn til Samnanger stasjon vart oppgradert i samband med bygging av ny 420 kV Sima – Samnanger i 2012.

Leidningen mellom Blåfalli og Mauranger som er planlagt oppgradert, er også frå 1968 og er ca. 43 km lang. Den går frå Blåfalli koplingsstasjon til Mauranger transformatorstasjon i Kvinnherad kommune.

Dagens leidningar eignar seg ikkje for ombygging til 420 kV grunna alder, mekanisk styrke på master og fundament, samt auka avstandskrav ved auka spenningsnivå.

Traséen for ny kraftleidning vil bli ca. 90 km lang avhengig av vald alternativ. Det blir òg meldt om utviding av eksisterande Mauranger transformatorstasjon, og ny transmisjonsnettstasjon på Ænes eller Fureberg.

Det ligg føre to ulike systemløysingar på strekninga Blåfalli – Mauranger - Samnanger. Den eine løysinga inneber tosidig tilknytning av Mauranger stasjon. Den andre løysinga fordrar eit koplingsanlegg ved Ænes eller Fureberg sørvest for Mauranger og radiell (einsidig) tilknytning av Mauranger stasjon. Eit sentralt skilje mellom dei aktuelle løysingane er kryssing av Maurangerfjorden i system 2 (jf. figur 2 over).

Kulturminnefagleg innspel til melding om 420 kV Blåfalli – Mauranger – Samnanger

Alternativ 1.0 Kvinnherad kommune

Linjetraséen går søraust for gravhaugen «Gaukshaug» på Seglheim. Det går ei mindre linje her i dag. Ei ny 420 kV linje vil få langt større negativ påverknad.

Ved Omshagen gjer linja ein knekk mot nordaust inn over det forskriftsfreda jordbrukslandskapet til Baroniet Rosendal og over Hattebergselva mot nytt knekkpunkt mellom Gjerde i vest og Fossberg i aust. Del av traséen kjem òg inn i det forskriftsfreda området rundt Baroniet, og er difor i strid med fredingsforskrifta.

Kraftlinja, med installasjonar og ryddebelte, vil skape ei ramme rundt Baroniet. Med ei plassering høgt opp i det bratte terrenget vil både linja og traséen vere svært synleg. Verknaden vil slik vere særskilt negativ både for Baroniet Rosendal som kulturmiljø, men også på dei samla kultur- og naturverdiane i Rosendalsområdet.

Alternativet vil få store negative konsekvensar ved kryssing av både KULA-landskap og forskriftsfreda areal nær baroniet i Rosendal, og elles for det rike kulturmiljøet i og langs dette området. **Vestland fylkeskommune vil alt no rå frå vidare arbeid med alternativ 1.0.**

Underalternativ 1.0.1 ligg noko lenger unna sjølve Baroniet og andre kulturminneverdiar i kulturlandskapet, men samstundes vil linja ligge høgare i terrenget, med følgjande negativ visuell konsekvens. **Slik traséen er vist, er det omfattande konflikt, og fylkeskommunen vil rå frå vidare arbeid med alternativ 1.0.1.**

Vestland fylkeskommune ser at begge alternativa, 1.0 og 1.0.1 vert svært synlege opp mot kulturlandskapet ved fjellfoten til både Malmangernuten og Melderskin.

Alternativ 1.2

Mykje av landskapet langs dette forslaget er forholdsvis urørt natur- og kulturlandskap og linjetrasé vil visuelt gje store negative konsekvensar.

Alternativ 1.3

Størstedelen av dette alternativet ligg i område med urørt natur, men går òg gjennom kulturlandskapet oppover Melsdalen. Visuelt vil forslaget gje store negative konsekvensar i landskapsromma både for natur- og kulturmiljø.

Kvam herad

På Ljones er det kjent fleire kulturminne. Linjeføringa skrår lenger mot nord enn eksisterande linje og kryssar Eidsvatnet lenger nord. For dei samla kulturminneverdiane i området er dette ei god løysing. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i fjellområda.

Alternativ 2.0

Kvinnherad kommune

Traséen vil òg føre til bygg av koplingsstasjon enten på Ænes eller Fureberg, og eit leidningsnett som koplar seg på alternativ 1.0 mot Mauranger stasjon. Ved Ænes vil eventuell utviding av stasjonsområdet kome i konflikt med fleire kjende automatisk freda kulturminne. **Vestland fylkeskommune vil alt no rå frå vidare arbeid med alternativet med koplingsstasjon ved Ænes grunna nærføring til kulturmiljø med høg verdi.**

Ullensvang kommune

På Maurangneset er det kjent fleire automatisk freda kulturminne. På Årsand er det fleire automatisk freda lokalitetar, mellom anna hellemalingar. Denne type kulturminne er sjeldan og har svært høg opplevings- og forskingsverdi. Slik alternativ 2.0 går i dag vil den kunne bli synleg frå der lokalitetane ligg. **Vestland fylkeskommune tilrår at alternativ 2.0 blir visualisert frå lokalitetane på Årsand.**

Alternativ 3.0

Kvinnherad kommune

Alternativet er jordkabel på vel éin km gjennom Rosendal. I kvar ende vert det muffestasjonar for overgang frå jord- til luftspenn. Traséen kryssar vestre delen av det forskriftsfreda kulturlandskapet til Baroniet Rosendal. Den sørlege delen av jordkabelen, muffestasjonen i sør og luftlinja fram til muffestasjonen ligg innafor fredingsområdet.

Den sørlege muffestasjonen i Omshagen kjem i strid med forskriftsfredinga, men kan òg ha store negative konsekvensar for kulturmiljøet som eit heile. Tekniske krav, både med bygging og drift til jordkabel, vil og vere i strid med fredingsforskrifta, i og med anlegget vil endre terreng og uttrykk i det verna området.

Påkopling til muffestasjon i nord har to alternative traséar. Éin går parallelt med dagens linje fram til alternativ 1.0. Det andre alternativet tek av ved Bjørkevegen og følgjer vegen langs Melselva, som er eit område med kjende automatisk freda kulturminne. **Vestland fylkeskommune vil alt no rå frå vidare arbeid med alternativ 3.0.**

Sjøkabelalternativ

Kvinnherad kommune

Statnett har vurdert to delalternativ for sjøkabel. Begge alternativa har utgangspunkt i Omvikdalen, med ilandføring høvesvis i Naustvika på Nes for alternativ 3.2 og i området mellom Årsneshammaren og Ramsgrø for alternativ 3.3.

Ilandføring i Naustvika vil ligge iandområdet til KULA-landskapet. Det kan få større negativ visuell verknad på kulturmiljøverdiane på Nes. Alternativ med ilandføring i Årsneshammaren medfører at dei kjente kulturminneverdiane i langt mindre grad vil bli råka.

Statnett legg i utgreiinga vekk sjøkabelalternativa. Grunngevinga til Statnett er at kostnadane er betydeleg høgare enn ved dei andre alternativa, og at det etter deira vurdering ikkje vil gi særlege gevinstar samanlikna med jordkabel. Denne vurderinga er kulturmiljøstyresmakta sterkt ueinig i. Fylkeskommunen vurderer at luft- og kabelalternativa på land vil vere svært konfliktfylte opp mot dei nasjonale kulturmiljøverdiane i Rosendal. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at Statnett si vurdering er

vurdert opp i mot dei samla verdiane i området. Alternativ med sjøkabel må difor bli ein del av utgreiinga. Statleg politikk på området opnar for bruk av sjøkabel i særlege tilfelle. Rosendal og Baroniet er eit slikt særleg tilfelle, der kulturminneverdiane går attende til eldre steinalder, og ikkje minst med det nasjonalt unike baroniet. **Vestland fylkeskommune rår Statnett til å greie ut sjøkabel forbi Rosendal grunna stor konflikt med nasjonale kulturmiljøinteresser.**

Friluftsfagleg innspel til melding om 420 kV Blåfalli – Mauranger – Samnanger

Kvinnherad kommune

Frå Blåfalli til Rosendal følgjer alternativ 1.0 i hovudsak dagens linjetrasé, medan alternativ 1.2 kryssar over Kvitegga. Kvitegga er eit mykje besøkt fjell med t-merka sti opp langs eggen. Kvitegga er kartlagd som viktig friluftsområde. Alternativ 1.2 vil derfor ha ein negativ konsekvens for friluftsliv og naturoppleving i dette området.

Forbi Rosendal er dei vidareførte alternativa enten nedgravd jordkabel der eksisterande luftlinje går i dag (alt. 3.0), eller ein «indre» linjetrasé som går aust for Baroniet (alt 1.0 og 1.0.1). Alternativa med luftlinje aust for Baroniet vil krysse Hattebergselva og kulturstien som går attmed denne. Områda rundt kulturstien er kartlagd som svært viktig friluftslivsområde (Hattebergfossen). Luftlinje i bakkane opp mot Malmangesnuten og Melderskinn vil truleg få store landskaps-påverknader og føre til negative konsekvensar knytt til landskapsoppleving for besøkande til Baroniet og kulturstien. Linja vil og krysse den t-merka stien opp mot Melderskinn og gå gjennom dei svært viktige friluftslivsområda Melderskinn og turområde langs Melselva.

I alternativet med nedgravd jordkabel vil muffestasjonane koma innanfor område som er vurdert som høvesvis svært viktig friluftslivsområde (Omshagen med Hestesletta) og registrert friluftslivsområde (Kalvatreet). Arealet som krevst for muffestasjonane gjer at det også dette alternativet vil kunne ha store negative konsekvensar for friluftslivsinteressene. På bakgrunn av dette meiner vi at dei forkasta alternativa med sjøkabel forbi Rosendal må takast inn att og vurderast på ny.

Lengre nord vil alle traséalternativa krysse den t-merka stien til Nordlifjellet. Traséalternativ 1.3 vil gå langs denne stien og liggja eksponert til på Vestsida av Nordlifjellet. Dette alternativet ser ut til å gå gjennom friluftslivsområda Turområde langs Melselva (svært viktig friluftsområde), Skålsfjella (viktig friluftsområde) og Skålafjell – Nordlifjellet (registrert friluftsområde). Ny linje langs eksisterande linjetrasé vil truleg vere alternativet som i minst grad førar til ytterlegare konsekvensar for friluftsliv på dette strekket.

Ullensvang Kommune

Frå Æneset i Kvinherad og vidare nordover mot Ullensvang er det to alternative linjetraséar som er føreslege vidareført. 1.0 går i ein bue rundt Maurangerfjorden, medan alternativ 2.0 kryssar Maurangerfjorden over til Maurangerneset. Rundt Maurangerfjorden er det fleire kartlagde friluftslivsområde, dei fleste vurdert som registrerte friluftsområde. Etersom linjetraséen vil gå langs med eksisterande linje på sørsida av fjorden, vil denne truleg ikkje ha så store konsekvensar for friluftslivsinteresser her. På nordsida av fjorden er linja vist over fjellområdet ved Storhorga. Her vil linja m.a. kunne få konsekvensar for det viktige friluftsområdet Måvatnet. Alternativ 2.0 vil gje ein kortare linjetrasé, som ikkje ser ut til å kome i direkte konflikt med kartlagde friluftslivsområde. Dette alternativet ser derfor ut til å vere det mest gunstige i eit friluftslivsperspektiv.

Vidare nordover er det berre små skilnader mellom dei to alternativa 1.0 og 1.4. Begge alternativa går gjennom det registrerte friluftslivsområdet Kysnes, men elles ser konfliktpotensialet når det gjeld friluftsliv til å vere relativt lågt på strekningen fram mot kryssinga av Hardangerfjorden.

Kvam Herad


I Kvam er det berre føreslege eitt linjealternativ. Dette går parallelt med eksisterande linjetrasé. Eksisterande linjetrasé går stort sett utanom kartlagde friluftslivsområde fram til Kvamskogen. Ved Kvamskogen er det derimot store brukarinteresser og eit stort konfliktpotensial med friluftsliv, der linja går gjennom fleire viktige og svært viktige friluftslivsområde.

Statnett legg fram melding med forslag til utgreiingsprogram for ny 420 kV linje mellom Samnanger transformatorstasjon og Kollsnes (Øygarden transformatorstasjon, omsøkt i 2023). Tiltaket påvirkar kommunane Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver, Askøy og Øygarden.

Statnett viser til at det er venta sterk auke i kraftbruken i Bergensområdet. Alt no stansast viktige etableringar i det utvida Bergensområdet av manglande krafttilgang og sær lang ventetid på straumtilgang. Veksten skuldast mellom anna landindustri og elektrifisering av petroleumsindustrien. Det blir vist til «Konseptvalgutredning Bergen og omland (2020)» (jf. <https://www.statnett.no/vare-prosjekter/region-vest/konseptvalgutredning-bergen-og-omland/>) og «Områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet (2021)».


Det melde tiltaket gjeld berre linje og inkluderer ikkje tiltak i transformatorstasjonar. Tiltak i transformatorstasjon er eller vil bli søkt om i egne konsesjonsprosessar.

Fleire alternative løysingar er vurderte og meldinga inkluderer fleire alternative traséar. Dei ulike traséalternativa har ulik lengde og ulik utforming og kan grovt deles inn i to hovudalternativ, nordleg (alt. 1.0) og sørleg (alt. 4.0). Nordleg alternativ vil ha ei lengde frå ca. 80-90 km, mens sørleg alternativ vil vere ca. 65 km lang. Dei meldte alternativa går fram av figur 3 under.



Figur 3 - Oversikt over melde alternativ for ny 420 kV forbindelse mellom Samnanger transformatorstasjon og ny

Fleire alternativ er vurderte av Statnett under utarbeiding av meldinga. Fleire av alternativa som vart vurderte, blei forkasta på grunn av høg grad av konflikt med kjende verdiar og tekniske utfordringar. I tillegg var fleire av dei ikkje meldte alternativa så samanfallande med ei som vart meldt, at det vart vurdert som uhensiktsmessig å fremje dei som egne alternativ. Figur 4 under syner melde (raud linje) saman med ikkje melde (svart linje) alternativ.




Figur 4 - Forkasta alternativ illustrert med svart linje, mens meldte alternativ er illustrert med raud linje

Alternativ 6.0 skil seg frå dei meldte alternativa som eit eige hovudalternativ. Alternativet ville i stor grad blitt ført gjennom kommunane Bergen og Askøy. Alternativet blei forkasta på grunn av høgt konfliktpotensial knytt til eksisterande busetting, samt fleire miljøtema og tekniske utfordringar.

Statnett skriv at for at det skal vere aktuelt å bygge sjøkabel framfor luftleidning, må den høge ekstrakostnaden knytt til kabelanlegg vegast opp av vinsten ved reduserte naturinngrep eller andre ulemper. Samtidig er det viktig å merke seg at sjøkabel også vil innebære store inngrep. Sjøkabel vil føre til inngrep i naturen på land i form av landanlegg (muffeanlegg for overgang mellom luftleidning og sjøkabel og kompenseringanlegg for reaktiv effekt (reaktor)), i tillegg til sjølve kabelen i sjøen. Gjeldande prinsipp for bruk av jord- og sjøkabel er formulert i Nettmelding (Stortingsmelding 14 2011/12), der det står at transmisjonsnett (300 og 420 kV) som hovudregel skal byggjast som luftleidning, bortsett frå i nokre unntakstilfelle:

- Der luftleidning er teknisk vanskeleg eller umogleg, som for eksempel i byar og ved kryssing av større sjøområde.
- Dersom ekstrakostnadane for kabling av ein avgrensa delstrekning kan forsvarast med at det gir særlege miljøvinstar samanlikna med luftleidning eller en avgrensa strekning med kabling kan gje vesentleg betre totaløysing.

Statnett skriv vidare at to lengre sjøkabelalternativ har blitt vurdert, høvesvis frå Trengereid i Sørkjolen (Vaksdal kommune) til Holsnøy (ca. 28 km i luftlinje) og Askøy (ca. 45 km i luftlinje), sjå figur 5 under. Til forskjell frå kortare sjøkabeltraséar som for meldt alternativ 4.0, 1.7 og 1.0, vil dei lengre sjøkabelalternativa beslaglegge større areal på sjøbotnen. Kabel vil vere svært kostbart, både i installasjon og for drift og vedlikehald. Ved overgangen mellom kabel og luftleidning vil det vere nødvendig med muffehus og kompenseringanlegg. Dette er komponentar som vil beslaglegge areal i kystnære område. For å kompensere for 45 km kabel er det nødvendig med 6-8 reaktorar, tilsvarande 4-5 for 28 km kabel. Sjøkabelalternativet som er vurdert og forkasta er for vekselstraum. Likestraumkabel er ikkje vurdert då kostnader og arealbeslag er vesentleg høgre grunna naudsynt likerettanlegg for kvart tilknytingspunkt.



Figur 5 - Oversikt over lengre sjøkabelalternativ som er vurdert for ny 420 kV forbindelse mellom Samnanger og

Kulturminnefagleg innspel til melding om ny 420 kV forbindelse Samnanger – Øygarden

Alternativ 1.0

Samnanger kommune

Traséen går i høgjellet og kryssar mellom anna driftevegen mellom Bergen og Voss. Vel 300 meter aust for linja ligg Buhellaren som er automatisk freda.

Osterøy kommune

Traséen kryssar over fjorden mellom Hana i Vaksdal og Grønevika på Osterøy, like nord for kalksteinsgruvane på Skaftå. I influensområdet til alternativ 1.0 er det lokalisert fleire seteranlegg ved Vindegga og Flatafjellet. Dette området representerer eit kjerneområde for stølsdrifta på Osterøy. Vest på øya er det veglause gardsmiljøet på Drangen lokalisert. **Vestland fylkeskommune tilrår at tiltaket blir visualisert frå gardsmiljøet på Drangen.**

Alver kommune

Traséen ligg nær fleire kulturmiljø, mellom anna kulturmiljøet på Seim, industrimiljøet i Bjørsvika og den Trondhjemske postvei på Nyland. Traséen kryssar KULA-området "Den Indre Farleia", og er i direkte nærføring.

Kryssinga vil medføre stor negativ påverknad på KULA-landskapet, både fysisk og visuelt. Linja går i fjella nær Seim, som har vore eit viktig knutepunkt i langt tid. Noko mellom anna kongsgarden, gravminna, leidangsnauestet, mellomalderkyrkjestaden og postvegen på Seim vitnar om. Området har høg regional kulturmiljøverdi, og nasjonal interesse. **Traséen har stort konfliktpotensial. Vestland fylkeskommune vil rå ifrå vidare arbeid med dette alternativet.**

Øygarden kommune

I vest, langs Osundet, er det fleire kjente freda kulturminne, som alle er spor etter steinalderbusetting. Alternativ 1 er i direkte konflikt med eitt kulturminne, og kjem svært tett på to andre. Vi forutset at Statnett samkøyrer plasseringa av den nye 420 kV luftleidningen med BKK si planlagde 132 kV kraftleidning, og søker å unngå nærføring og direkte konflikt med freda kulturminne.

Alternativ 1.4

Alver kommune

Traséen er i direkte konflikt med fleire automatisk freda kulturminne, og har nærføring til fleire. Traséen ligg innanfor influensområdet til fleire kulturmiljø, som både har nasjonal og regional verdi. Både "Den Indre Farleia" og gardane på Seim, er kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse (KULA). Kryssinga kan få stor negativ konsekvens for kulturmiljøverdiene. Særleg gjeld det strekket frå Litleskaret, via Skarsveten til Nordre Haukåsneset, kor den kryssar farleia til Rinden. Linja ligg nær Skarsveten, som er ein vetestad knytt til det før- og historiske varslingsystemet til gardane i området. Vetestadane i området er ikkje registrert i kulturminnedatabasen Askeladden. Traséen har stort konfliktpotensial. **Slik traséen er vist, er det omfattande konflikt, Vestland fylkeskommune vil rå ifrå vidare arbeid med dette alternativet.**

Alternativ 4.0

Osterøy kommune

Traséen kryssar mellom to svært funnrrike område i utmarka mellom Gjerstad og Hartveit. I influensområdet til traséen ligg Gjerstad kyrkjestad frå mellomalderen. Linjetraséen går vidare sør for bygdeborga Bjørnekletten. Alternativ 4 går i eit område med høge kulturmiljøinteresser og har eit stort konfliktpotensial. **Vestland fylkeskommune vil rå ifrå å gå vidare med dette alternativet.**

Alver kommune

Traséen kjem i direkte konflikt med fleire automatisk freda kulturminne, og har nærføring til fleire. På Holsnøy er traséen i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. På Holsnøy ligg traséen innanfor influensområda til fleire kulturmiljø, slik som eldre gardsmiljø og kulturlandskap. Traséen går i sjøkabel frå Osterøy til Flatøy på gnr. 1, bnr. 22, her ligg eit forsvarsanlegg som skriv seg frå slutten av 1800-talet. På Håøyna var ein vetestad, som er nemnt i sagaen til kong Sverre. Her blei eit forsvarsanlegg etablert i overgangen til 1900-talet. Forsvarsanlegget får slik ein høg nasjonal verdi. **På grunn av alt kjente konflikter med automatisk freda kulturminne vil det stillast krav til utfyllande dokumentasjon og illustrasjonsmaterieil.**

Alternativ 1.7

Øygarden kommune

I austleg ende passerer kraftleidningen rett over og nær fleire kulturminne. I samband med områdeplan for Energiparken er det planlagt eit industri- og næringsområde nord for alternativ 1.7. Eventuell påverknad på kulturminna i området er ikkje avklart.

Alternativ 1.7 vil i austleg ende gå i luft gjennom eit LNF-område, og vil medføre nærføring og potensielt direkte konflikt med freda kulturminne. Alternativ 1 er difor eit mindre konfliktfylt alternativ. I vestleg ende er alternativ 1.7 plassert i omtrent same trasé som alternativ 1, og det er fleire kjente freda kulturminne her, sjå vurdering under alternativ 1.

Areal i sjø

Då meldingane omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til kulturminne langs sjøkabeltraséane som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket, jamfør brev datert 21.11.2024. <Ta inn merknad om plikt til å melde om funn>

Friluftsfageleg innspel til melding om ny 420 kV forbindelse Samnanger – Øygarden

Alternativ 1.0 og 1.4

Samnanger kommune

Linja vil komme i konflikt med fleire viktige friluftsområde, mellom anna Gjerdsåta/ Fitjavatnet, Geitanipa og Raudvatnet, samt Totræna svært viktige friluftsområde.

Vaksdal kommune

I Vaksdal kommune kjem linja i konflikt med Hananipa (registrert friluftsområde). Dette er registrert tilbake i 2017, og bruken av området har auka dei siste åra. Verdsettinga er difor truleg ikkje i tråd

med dagens bruk. Turen frå Trengereid er etter kvart blitt populær blant nasjonale og internasjonale brukarar, og er mellom anna profilert på Visit Bergen sine kanalar.

Osterøy kommune

Traséen kryssar over fjorden mellom Hana i Vaksdal og Skaftå på Osterøy og kryssar svært viktig friluftsområde Skaftådalen med turrute registrert i nasjonal turrutedatabase. Vidare kryssar traséen Låstadsætra svært viktig friluftsområde med turruter registrert i nasjonal turrutedatabase, Storavatnet registrert friluftsområde, Høgafjellet svært viktig friluftsområde og berører fleire andre mindre friluftsområde som Klubben, Bernesheiane og Kleppsvågen, som er eit viktig utfartsområde. Deretter kryssar alternativet fjorden i luftspenn.

Alver kommune

Over på Alversiden vil linjealternativet komme i konflikt med Mulskollen og Hustadjellet som er viktige friluftsområde. Det vil vidare krysse Totlandsåsen, som er eit svært viktig friluftsområde, Baståsen og Hessnipa viktige friluftslivsområde, Tjonndalen-Åsen registrert friluftsområde og Gladihaug svært viktig friluftsområde, type utfartsområde. I Elsåsskaret registrerte friluftsområde tar alternativ 1 over Austmarka, kryser Øyjordsfjellet-Gaustadjellet og Liavatnet-Midtvatnet-Havrevatnet viktige friluftsområde på Holsnøy, mens alternativ 1.4 er eit lengre strekk nordover mot Askeland og Festo, går gjennom Skarsdalen registrerte friluftsområde og kryssar Radfjorden lengre nord over Bognøy registrerte friluftsområde. Alternativ 1 blir ført vidare over to viktige friluftsområde og Øpso, svært viktig friluftsområde. Linja kryssar deretter Herdlefjorden over til Askøy.

Øygarden kommune

I Øygarden vil ilandført sjøkabellinje komme i konflikt med Ljøneset viktige friluftsområde, samt Kåreløypa og fleire andre viktige friluftsområde før transformatorstasjon omsøkt 2023.

Alternativ 2.0

Samnanger kommune

Linjealternativet kryssar Gjerdsåta/ Fitjavatnet og Storenuten, begge viktige friluftsområde.

Vaksdal kommune

Traséen kryssar Bogaskaret, registrert friluftsområde og Bogavatnet, svært viktig friluftsområde, Blåfjellet viktig friluftsområde og Gløvret som er eit viktig friluftsområde og eit stort turområde. Etter kryssing av Fossmark registrerte friluftsområde kryssar linjealternativet fjorden før Stanghelle, Her ligg eit svært viktig friluftsområde – Veafjorden frå Stanghelle til Straumsnes. Vidare kryssar alternativet Rispingen grøntkorridor, og kopler seg på alternativ 1 inne i det registrerte friluftsområdet Storavatnet.

Alternativ 4.0

Osterøy

Traséen kryssar over fjorden saman med alternativ 1 mellom Hana i Vaksdal og Skaftå på Osterøy og kryssar svært viktig friluftsområde Skaftådalen med turrute registrert i nasjonal turrutedatabase. Traséen kryssar vidare viktig friluftsområde Setevarden, Borgovatnet svært viktig friluftsområde, Haugafjellet svært viktig friluftsområde og Iseggene svært viktig friluftsområde.

Alver

Traséen kryssar over Flatøy med viktig friluftsområde Midmarka, og svært viktige friluftsområde Håøyyna og Flatøyosen. Vidare viktig friluftsområde Nordnipa-Krossfjellet med fleire turruter, Røysetfjellet registrert friluftsområde, Brakstadjellet-Tveitanipa viktig friluftsområde, Rylandsvassdraget svært viktig friluftsområde, Eikeland registrert friluftsområde og Meland Golf og naturpark, svært viktig friluftsområde.

Askøy

Linjealternativet er i konflikt med Oksnes svært viktig friluftsområde

Sjøkabelalternativ:

Statnett legg i utgreiinga vekk sjøkabelalternativa med unntak av kryssingane i alternativ 4.0 over Osterfjorden, Herdlefjorden og Hjeltefjorden. Grunngevinga til Statnett er at kostnadane er

betydeleg høgare enn ved dei andre alternativa, og at det etter deira vurdering ikkje vil gi særlege gevinstar samanlikna med jordkabel. Langt dei fleste alternativa med luftkabel vil gi store konsekvensar for friluftsliv, og vi er såleis ikkje samd i denne vurderinga i eit friluftsliv- og folkehelseperspektiv. Vi rår til at sjøkabel blir vidare utgreidd for strekninga mellom Samnanger og Øygarden, som vist i figur 8 i meldinga for ny 420 kV forbindelse Samnanger -Øygarden. (Vaksdal-Askøy via Sørfjorden og Herdlefjorden).

Natur- og landskapsfaglege innspel til melding om ny 420 kV forbindelse Samnanger – Øygarden

Alternativ 1.0 gjennom Nordhordland har fleire faktorar som slår svært uheldig ut.

- Forsyningstryggleik – ein bør prioritere ein trasé som styrkar forsyningstryggleiken i nordre Bergen, ikkje velje trasé utan stasjonar.
- Lengde – traséen inneber ein uforholdsmessig lang «omveg» gjennom Nordhordland, inkludert fem fjordkryssingar.
- Landskap – det vert store inngrep i naturprega og dels svært eksponert landskap.
- Landskap – områda består stadvis av den truga kystlyngheia. Dette utgjer viktige område for til dømes karbonbinding, biotopar for naturmangfald samt utmarksbeite for landbruket. Kulturmiljøverdiane her er òg store.
- Naturmangfald – fragmentering og nedbygging av landskap påverkar aktuelle artars leveområde. Kraftlinjer utgjer ein kollisjonsrisiko for fugl. Forholdet til fugl og avbøtande tiltak må utgreiast.
- Strategi 9 i nyleg vedteken Utviklingsplan for Vestland seier at Vestland skal følgje opp Montreal-avtalen frå 2022, med mål for bevaring og restaurering av natur. St meld 35 (2023-24) er den norske oppfølginga av Montreal-avtala og der har kraftlinjer fått spesiell omtale. Målet er at Noreg skal arbeide for å redusere nedbygginga av særleg viktige naturareal innan 2030, og begrense netto tap av særleg viktige naturareal til eit minimum innan 2050. «Målet skal ikkje redusere moglegheiten for utbygging av samfunnsnyttig fornybar kraftproduksjon og kraftledning» heiter i kap 5.4.1 i stortingsmeldinga
- Varig verna vassdrag – alternativ 1.0 strekkjer seg gjennom Rylandsvassdraget, eit varig verna vassdrag som er slik omtalt i St.prp.nr.75 (2003-2004): «Storavatnet har fått nasjonal-regional verneverdi knyttet til biologisk mangfold. Særegne myrområder preger vassdraget og kystfuruskog dominerer skogsområdene. Denne naturtypen, som i stor grad er borte i andre kystvassdrag, karakteriseres som spesiell, ikke minst på grunn av beliggenheten så langt vest. Fuglefaunaen er typisk for kystnære furuskoger med innslag av mer krevende arter. Rødlistede vannfugler, rovfugler og spettearter hekker. Kulturminneinteressene er store. Kulturminnene representerer bosetting i steinalderen, samt gårds- og utmarksbruk i nyere tid, og er typiske for dette kystdistriktet.» I proposisjonen står det vidare slik: «Departementshøringen og departementets tilråding: Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland og DN går inn for vern av vassdraget. DN fremhever at dette er et kystvassdrag som må vernes, blant annet av hensyn til representativitet. Departementet tilrår at Rylandsvassdraget tas inn i verneplanen.»
- Alternativ 1.0 vil skape fjordkryssing over Herdlefjorden som er siste frie innseglingrute til Bergen. Det er lite framsynt å ikkje ha ei einaste innsegling til Bergen utan fri høgde.
- Friluftsliv – områda som alternativ 1.0 går gjennom inneheld svært gode landskap for friluftslivsutøving, både på land og til sjøs, med prioriterte område for padling, padle-bu for overnatting, BOF-område, statleg sikra friluftsområde, fylkeskommunal dagsturhytte på Eldsfjellet m.m. Fleire påverka område er kategoriserte som «svært viktige friluftsområde» i friluftskartlegging for Vestland fylke, jf. www.fylkesatlas.no.


«Alternativ 6.1» som nytt linjealternativ:

Fylkeskommunen har blitt orientert om «alternativ 6.1», som er fremja av Naturvernforbundet, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) og Bergen og Hordaland Turlag. Vi ber om at dette alternativet vert grundig utgreidd og vurdert for vidare prosess. Mellom anna med utgangspunkt i at det er det kortaste alternativet gjennom Bergen (i ein anna trasé enn det meldinga skisserer). Alternativet inneber å leggje linje parallelt med regionalnettet frå Samnanger til Arna og vidare til Jordal i

Eidsvåg, før linja vert lagt i sjøkabel gjennom Byfjorden og Herdlefjorden til Merkesvik på Askøy. Alternativet vert illustrert i figurane 6 og 7 under.



Figur 6 - Illustrasjon av "alternativ 6.1" mellom Jordal og Kollsnes



Figur 7- Illustrasjon av "alternativ 6.1" mellom Samnanger og Jordal

«Alternativ 6.1» synest å kunne vere mindre konfliktfylt enn den melde traséen gjennom Nordhordland (alternativ 1.0), og tidlegare vurderte trasé gjennom Bergen (alternativ 6.0). Vi syner til forslaget som trekkjer fram følgjande:

- I forhold til 1.0 vert luftlinjeføringa ved alternativ 6.1 redusert frå 73 km til 44 km
- 5 fjordkryssingar i luft vert erstatta med 1
- Samanlikna med 6.0 er det skånsomt mot hus og andre byggverk
- Naturtapet i eit eksponert landskap med store friluftsverdiar vert betydeleg redusert
- Forsyningstryggleiken til Bergen og særleg nordre bydel vert styrka om det tilretteleggast for transformator i Bergen

Sjøkabel ved «alternativ 6.1» vert om lag 30 km. Det er innafør akseptabel lengde med omsyn til straumoverføring ved vekselstraum, og noko kortare lengde enn dagens sjøkabel frå Mongstad til Kollsnes (35 km). Dette synleggjer både vilje og moglegeheitsrommet til å nytte sjøkabel.

Oversikt over status for handsaming i aktuelle kommunar i Vestland :

- Alver kommune skriv adm.uttale/forslag innan fristen og ettersender politisk vedtak.
- Askøy kommune, handsaming i møte i kommunestyret 9. januar 2025 (jf. Saksnummer 06/25 her https://innsynpluss.onacos.no/askoy/moteoversikt/#/details/m-b15978eb_8cc6_45a9_9564_1f28338ca3d7-1327!DEUbtI)
- Bergen kommune, handsaming i byrådet 9. januar 2025 (jf. saksnummer 1025/25 her <https://www.bergen.kommune.no/politikk/politiskeutvalg/900102/mote/7572993>)
- Etne kommune skriv adm.uttale/forslag innan fristen og ettersender politisk vedtak.
- Kvam herad, handsama av heradsstyret 12. desember 2024 i sak 140/24 (feil i søkefunksjonen p.t. på <https://www.kvam.no/innsyn/postliste/>)
- Kvinnherad kommune, handsama av kommunestyret 12. desember 2024 (jf. Saksnummer 138/2024 her <https://prod01.elementscloud.no/publikum/964967636/DmbMeeting/352>)
- Osterøy kommune skriv adm.uttale/forslag innan fristen og ettersender politisk vedtak.
- Samnanger kommune, handsama av kommunestyret 12. desember 2024 (jf. saksnummer 140/2024 her https://prod02.elementscloud.no/publikum/964968985_prod-964968985/DmbMeeting/71)
- Ullensvang kommune, handsama av kommunestyret i møte 18. desember 2024 i sak 130/24, jf. https://innsynpluss.onacos.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-d572b5cb_461a_4e0e_87e7_d3e2cfccc410-1694073_4_A!d-2019178818!0s0IMx?pid=81
- Vaksdal kommune skriv adm.uttale/forslag innan fristen og ettersender politisk vedtak.
- Øygarden kommune, handsama av plan- og miljøutvalet 12. desember 2024 i sak 099/24, jf. https://innsyn.onacos.no/oygarden/postliste/wfdocument.ashx?journalpostid=2022405187&do_kid=2486178&versjon=9&variant=A&

Vedtakskompetanse

Delegeringsreglementet, reglement for fylkesutvalet, der kapittel 7:
Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker."

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involvert i denne saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Klima:

Regional plan for klima 2022-2035 legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vestland og Noreg sine klimamål skal i stor grad møtast ved å elektrifisere prosessar som tradisjonelt gjev klimagassutslepp. For å gjennomføre dette i stor skala

må vi ha eit robust kraftnett. Den nye 420 kV vil vere særskild viktig for eit robust kraftnett i Vestland og vil vere eit særskild viktig tiltak for å kunne auke elektrifiseringsgraden og bygge ny grøn industri med lågt klimafotavtrykk.

Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen), for Vestland legg føringar for korleis kraftsystemet i Vestland skal utviklast. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har sett seg inn i planen. Hovudmålet i fornybarplanen er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Den regionale planen listar under bl a som ambisjonsnivå at innan 2031 skal det vere spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sauda-Samnanger og tredje 420 kV-samband inn til Kollsnes (s 27 i planen).

Folkehelse:

Kraftlinjespørsmål engasjerer ofte mykje. Eit godt linjenett er naudsynt for robust kraftforsyning og avgjerande for elektrifisering og det grønne skiftet. Men nye og store kraftlinjer vekker også ofte motstand og motreaksjonar, ikkje minst frå dei som får desse nær innpå seg.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):

I utviklingsplanen står det under strategi 4 at "overgang til fornybar kraft er ein premis for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå andre berekraftsmål. I planperioden skal vi styrke energioverskotet frå fornybare energikjelder og sikre ei enda meir robust kraftforsyning." Ny 420 kV vil vere særskild viktig tiltak for å realisere denne premissen.

Tiltaket støttar opp om FN sine berekraftsmål som gjeld klima og rein energi.

Det er eit overordna mål at i Vestland er klima og naturmangfald ein premis for samfunnsutviklinga (s.23). Vestland skal finne økonomiske utviklingsmoglegheiter i langsiktig og balansert forvaltning av naturressursane på regionalt og lokalt nivå. Vi skal gjere det enklare å ta omsyn til klima og naturmangfald. Heilskapleg arealbruksstyring er ein nøkkel for å nå målet. Eit anna overordna mål er at Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn (s.22). Vi skal vidareutvikle dei eksisterande næringane i ei meir berekraftig retning og nytte kompetansen, infrastrukturen og teknologien til å skape arbeidsplassar i nye grønne verdikjeder i heile fylket. Då krevst det tilgjengeleg fornybar energi i vår region. Samstundes skapar natur- og klimakrisa usikkerheit og utfordringar for næringslivet. Næringslivet i Vestland skal følgje opp forpliktingar for natur og miljø på ein måte som skaper moglegheiter for berekraftig verdiskaping no og i framtida. Vi skal sikre viktige naturressursar for framtida

Konklusjon

Saka er omfattande og dekkjer eit stort geografisk område. Hovudpoenget med høyringa er å gje innspel til NVE for fastsetting av konsekvensutgreiingsprogram for vidare planarbeid. Saka har vore på intern innspelsrunde i fylkeskommunen si administrasjon. Innspela derifrå vert går fram av saka og hovudpoenga vert lagt fram som forslag til høyringsfråsegn.

Ei ny tredje forsyningslinje til Bergensområdet er avgjerande for å nå måla i Regional plan for fornybar energi om robust kraftforsyning og for å kunne nå mål om å kutte klimagassutslepp i Klimaplanen. Ei ny kraftlinje er og heilt naudsynt for å kunne auke verdiskapinga i næringslivet ved å bygge ny grøn industri og auka elektrifisering. Nettsituasjonen i Bergensområdet gjer at bedrifter står i årelang kø for å knytte seg til nettet og arbeidsplassar og verdiskaping går tapt. Vi ser at manglande kapasitet i kraftnettet i Vestland hindrar industrielle nyetableringar. Skal desse nye aktørane få tilgang til kraft, må nettet utbetrast. Bette nett gjer det mogeleg å ta ut meir kraft til ynskjelege føremål.

Industriområde utan tilgang på kraft er uaktuelle stader å etablere seg for kraftkrevjande industri og arbeid med elektrifisering av transport og klimagasskutt stoppar opp utan tilgang til straum. I arbeidet med Grøn region var det stort fokus på å identifisere kva som er barrierar for å nå måla i utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune. Her vert kraftmangel løfta fram som ein stor barriere for ny grøn industriutvikling på vestlandet.

Ei ny 420 kV linje er samfunnsmessig særers viktig. Ingen av trasealternativa vil vere utan konflikhtar. Val av trasé vil ha stor påverknad på graden av negative effektar.

Det er avgjerande å få fram eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om ulike linjetrasear i denne fasa. Fylkesdirektøren ser det som spesielt viktig at ei kortare alternativ gjennom Bergen slik mellom anna Naturvernforbundet har skissert vert utgreie på same måte som alternativa som Statnett alt har meldt.